



Anne Marie Vågen er arbeidsleiar for kantine/catering.

**Kvinnherad Vekstbedrift er ei verksemd i sterk fornying og utvikling. Det siste er NAV godkjenning av 5 såkalla AFT plassar. AFT står for arbeidsførebuande trening. Målet med ein AFT plass er å kunna avklara kva som er mogeleg å få til for den enkelte på arbeidsmarknaden, setja inn tiltak og dermed styrkja deltakarane sine høve til å koma i ordinært arbeid eller utdanning.**

Kvinnherad Vekstbedrift er ein tiltaksarrangør for NAV. Verksemda må heile tida halda seg oppdatert og auka kompetansen mellom dei tilsette. KV AS består i dag av åtte avdelingar. Nytt kjøken gjer at kapasiteten på matutlevering og catering er auka. Fem personar er til ei kvar tid engasjert med gjera klar varm og kald mat, mat til møte og koldbord til festlege markeringar. Anne Marie Vågen er arbeidsleiar for kantina.

Retrobutikken på Husnes har vore eit vellukka tiltak. Her finn du kafe og vanleg brukthandel. Retroen er godkjend for å kunna driva frisørsalong. Målet er uansett gjennom tilrettelagd trening å få menneske ut i arbeid. Det skal ofte ikkje så mykje til. Det kan vera å vinna over barrierar, sosial trening og dermed knekka koden for det som elles er vanleg i arbeidslivet.

Jobbfrukt har til no nådd 50 faste korgar. Verksemda ynskjer fleire abonnementar. Matkorga i to ulike storleikar vert levert på døra kvar veke. Det er ikkje bindingstid, variert innhald, ulike storleikar og fritt levert. Det beste er at frukt på arbeidsplassen fører til auka energi og overskot.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Wenche Skudal er ansvarleg for AFT plassane og inngår samarbeidsavtalar med næringslivet om praksisplassar.